

Spørjeundersøking om sentrumsområde

Befolkningsundersøking i Hordaland 2013

AUD-rapport nr. 1 2013



Bakgrunn og metode

- Undersøkinga er utført på oppdrag frå, og i samarbeid med Planseksjonen i Hordaland fylkeskommune.
- Føremålet med undersøkinga har vore å kartlegge kva syn innbyggjarane i Hordaland har på sentrumsfunksjonar.
- Undersøkinga tek opp tema som handel, tenester, kulturtilbod og sosiale møteplassar, transport, bustader i sentrumsområde og estetikk og funksjonalitet.
- Datainnsamlinga er gjort over telefon og gjennomført av Respons Analyse.
- Totalt er det gjennomført 1100 intervju, 1000 blant generell befolkning samt eit ekstra utval på 100 blant 16-19 åringar.
- Sentrumsområde vart ovanfor respondentane definert som «eit sentralt område for deg med handel, tenestetilbod, møteplassar osv.»


Handel



Handel

- Daglegvarer er den varegruppa som hordalendingane meiner det er viktigast å ha tilgjengeleg i sentrumsområdet (5,6). Det er små skilnadar på bakgrunnsvariablane på dette spørsmålet.
- Etter daglegvarer følgjer apotekvarer. Apotekvarer er viktigare for kvinner (5,1) enn for menn (4,6). I tillegg er denne varegruppa minst viktig for dei under 30 år (4,5) og mest viktig for dei over 60 år (5,1).
- Både bensin (4,4 for begge grupper), småelektronikk (3,6 for begge grupper) og sportsutstyr (3,6 for begge grupper) er like viktig for kvinner som for menn.
- Bensin er viktigare for dei som bur i dei andre kommunane i fylket (4,9) enn for dei som bur i Bergen (3,9)
- 16-19 åringane er meir opptekne av småelektronikk (4,0) enn dei andre aldersgruppene.
- Både klede og sko (kvinner 4,6, menn 4,1), bøker (kvinner 4,0 menn 3,3), blomster (kvinner 4,1 menn 3,1) og møblar og interiør (kvinner 3,5 menn 2,9) er viktigare for kvinner enn for menn.
- Møblar og interiør er den varegruppa som hordalendingane i minst grad synest det er viktig å ha tilgjengeleg i sentrumsområdet (3,2).


Tenester



Tenester

- Lege og legevakt er klart dei tenestene som vert rangert som viktigast (5,0). Begge tenestene er noko viktigare for dei som bur i andre kommunar enn Bergen (lege 5,3 og legevakt 5,2) enn for dei som bur i Bergen (lege 4,8 og legevakt 4,9). Både lege og legevakt vert også vurdert som viktigare av kvinner (lege 5,3 og legevakt 5,2) enn av menn (lege 4,8 og legevakt 4,8).
- Post og tannlege kjem også høgt på rangeringa av tenester.
- Post er viktigare for dei over 60 år (4,9) enn for dei mellom 16 og 19 (4,4). Post er også noko viktigare for kvinner (4,8) enn for menn (4,4).
- Tannlege er viktigare for dei som bur i andre kommunar (4,9) enn for dei som bur i Bergen (4,4).
- Skattekontor (3,4) og NAV-kontor (3,3) er dei tenestene som vert vurderte som minst viktige å ha i sentrumsområdet . Dette kan ha samanheng med at mange får utført tenester frå desse institusjonane på nett eller at dei ikkje nyttar desse tenestene så ofte.
- Bakgrunnstala viser at skattekontor er viktigare for kvinner (3,6) enn for menn (3,1).
- NAV-kontor er viktigare for dei som bur i andre kommunar (3,6) enn for dei som bur i Bergen (3,0). NAV-kontor vert også vurdert som meir viktig blant dei som ikkje er yrkesaktive (3,6) enn blant dei som er yrkesaktiv (offentleg sektor 3,3 og privatsektor 3,0). Kvinner (3,6) meiner også at NAV-kontor er viktigare enn det menn gjer (3,0). NAV-kontor er minst viktig for dei mellom 16-19 år (2,9) og mest viktig for dei over 60 år (3,5)

Sosiale møteplasser og kulturtilbod



Sosiale møteplasser og kulturtilbod

- Idrettshall er den sosiale møteplassen/det kulturtilbodet som vert vurdert som viktigast (4,3). Idrettshall er minst viktig for dei over 60 år (3,9).
- Restaurant og kafé som også er ope på kveldstid, vert også vurdert som viktige. Restaurant er litt viktigare for dei som bur i Bergen (4,3) enn for dei som bur i andre kommunar (4,0). Restaurant er også viktigare for dei under 30 år (4,5) enn for dei over 60 år (3,5). Viktigheita av restaurant stig i takt med utdanningsnivå (ungdomsskuleutdanning 3,6, høgare utdanning over 4 år 4,5).
- Bibliotek er viktigare for kvinner (4,5) enn for menn (3,7). Bibliotek er minst viktig for dei mellom 16 og 19 år (3,8) og mest viktig for dei mellom 45 og 59 år (4,2). I kva grad ein meiner at tilgang til bibliotek er viktig, stig med utdanningsnivå (ungdomsskuleutdanning 3,8, høgare utdanning over 4 år 4,5).
- Når det gjeld treningsstudio er det store skilnader på dei ulike aldersgruppene. Treningsstudio er mest viktig for dei mellom 16 og 19 år (4,7), og minst viktig for dei over 60 år (3,4)
- Minst viktig for hordalendingane på dette feltet er museum/galleri. Museum/galleri er litt meir viktig for dei som bur i Bergen (3,4) enn for dei som bur i andre kommunar (3,1). Viktigheita av museum/galleri stig i takt med utdanningsnivå (ungdomsskuleutdanning 2,7, høgare utdanning over 4 år 3,7).

Eiga deltaking i aktivitetar

I tillegg til eit godt utval av butikkar, tenester og kulturtilbod, kva for aktivitetar, som du sjølv kan delta i, kunne du tenke deg at fann stad i ditt sentrumsområde?

Idrettsarrangement

Festivalar

Teater

Marknad/Torgdag

Dans

Mosjonsløp/maraton

Trening på treningsstudio

Konsertar

Bowling

Svømming

Ulike typer aktivitetar for eldre

Kirke

Gode møteplassar

Sosiale møteplassar kan vere viktige for å skape eit godt sentrumsområde. Kva meiner du må til for at ein møteplass skal vere god for deg?


- Servering
- Lett tilgjengeleg
- Triveleg/hyggeleg
- Fredeleg
- Inkluderande
- God plass
- Lange opningstider
- Reint og ryddig

«Man må kunne komme og gå fra formiddag til ettermiddag. God nok plass, og kunne sitte med en kopp kaffe og en vaffel»

«Kunst fra renessansen og fin utsikt. Tilgang til vann og bademuligheter. Promenade man kan gå langs.»

Transport


Kva for transportmiddel nyttar du som regel når du reiser til det sentrumsområdet du nyttar oftast?



Transport

- Bil er det mest vanlege transportmiddelet når ein reiser til sentrumsområdet. Dette gjeld for heile fylket (56 %), men delen som nyttar bil er større i dei andre kommunane (73 %) enn i Bergen (41 %). Delen som kjører bil er størst blant 45-59 åringane (70 %) og lågast blant 16-19 åringane (23 %)
- Totalt er det 23 % som seier at dei som regel nyttar buss når dei reiser til sentrumsområdet. Delen som nyttar buss er større i Bergen (30 %) enn i dei andre kommunane (15 %). Om vi ser på alder er delen som kjører buss klart størst blant 16 -19 åringane (58 %) og lågast blant 45-59 åringane (11 %).
- Til saman 11 % oppgjev at dei som regel går når dei skal til sentrumsområdet. Delen er større i Bergen (14 %) enn i fylket elles (7 %).

Transport



Transport

- Når det gjeld transport er det gang og sykkelveggar inn til sentrumsområdet som vert vurdert som viktigast (5,0 i gjennomsnitt for heile fylket). Gang og sykkelveggar er viktigare for kvinner (5,2) enn for menn (4,7).
- Den største geografiske skilanden på dette punktet er knytt til parkeringsplass (4,8 i snitt for heile fylket). Parkeringsplass er viktigare for dei som bur i andre kommunar (5,1) enn for dei som bur i Bergen (4,5). Parkeringsplass er mest viktig for dei mellom 45 og 59 år (5,0) og minst viktig blant dei mellom 16 og 19 år (4,5). Bakgrunnstala syner også at parkeringsplass er viktigare for dei som oftast nyttar bil når dei skal til sentrumsområdet (5,2) enn til dømes blant dei som oftast tek buss (4,2)
- Av dei ulike elementa knytt til transport er det taxihaldeplass som vert vurdert som minst viktig (4,1 i gjennomsnitt for heile fylket). Det er ein liten tendens til at taxihaldeplass er meir viktig for dei som bur i Bergen (4,2) enn for dei som i dei andre kommunane (4,0). Taxihaldeplass er minst viktig for dei yngste (3,5) og mest viktig for dei eldste (4,3).


Bustader i sentrumsområdet



Bustader i sentrumsområdet

- Hordalendingane meiner langt på veg at det er viktig at det bur folk i sentrumsområdet (4,6 i gjennomsnitt).
- Det er ein noko større del i Bergen (4,7) som meiner at dette er viktig enn blant dei frå dei andre kommunane (4,4).
- Dei eldste respondentane meiner i større grad at det er viktig med bustader i sentrum (4,8 både blant 45-59 år og 60 år og eldre) enn dei yngste (4,2 blant dei som er under 30 år).

Bustader i sentrumsområdet



Bustader i sentrumsområdet

- At det finst eldrebustader (4,4) og utleigebustader (4,5) i sentrumsområdet er om lag like viktig.
- Kvinner meiner at eldrebustader er viktigare (4,7) enn det menn gjer (4,2). Det er også ein større del av dei som bur i andre kommunar som meiner at eldrebustader i sentrumsområdet er viktig (4,7) enn det er blant dei som bur i Bergen (4,2). Delen som meiner at eldrebustader er viktig aukar med alderen (3,9 blant 16-19 år og 4,9 blant 60 år og eldre).
- Og når det gjeld utleigebustader meiner kvinner i større grad at dette er viktig (4,7) enn det menn gjer (4,3).


Bustader i sentrumsområdet



Bustader i sentrumsområdet

- Interesse for sjølv å bu i sentrumsområdet er om lag midt på treet (3,6) når vi ser heile fylket under eitt. Det er ein noko større del av bergensarane (3,9) som kunne tenke seg å bu i sentrumsområdet enn det er blant dei som bur i andre kommunar (3,3).
- Det er størst interesse for å sjølv bu i sentrumsområdet blant dei mellom 16-19 år (4,1) og minst blant dei mellom 30-44 år (3,4).
- I kva grad ein kunne tenke seg å sjølv bu i sentrumsområdet stig med utdanningsnivå (Til og meg ungdomsskule: 3,2, høgare utdanning over 4 år: 3,9).

Utsjånad og funksjon




Utsjånad og funksjon

- Dei ulike elementa knytt til utsjånad og funksjon vert vurdert som om lag like viktige. Generelt meiner hordalendingane at alle desse elementa er viktige for dei.
- At sentrumsområdet er tilgjengeleg også på kveldstid og i helger er i litt større grad viktig for dei som bur i Bergen (5,2) enn for dei som bur i andre kommunar (4,9).
- Vakre offentlege plassar og gater er meir viktig for kvinner (5,3) enn for menn (4,9), og mest viktig for dei over 60 år (5,2) og minst viktig for dei mellom 16 og 19 år (4,7) når vi ser på aldersgruppene.
- Bakgrunnstala viser også at parkområde med benkar er viktigare for kvinner (5,3) enn for menn (4,8). Parkområde er i tillegg mest viktig for dei over 60 år (5,2) og minst viktig for dei mellom 16 og 19 år (4,5).
- Å vise historia ved å ta vare på gamle bygg er noko viktigare for bergensarane (5,1) enn for dei som bur i andre kommunar (4,8).

Utsjånad og funksjon

Av følgjande, føretrekker du at sentrumsområdet er utforma som ein liten by med gater og plassar, eller som eit kjøpesenter der alle butikkane og tilboda ligg under samme tak?



Utsjånad og funksjon

- Om vi ser heile fylket samla er det 80 % som svarar at dei føretrekker at sentrumsområdet er utforma som ein liten by med gatar og plassar framfor som eit kjøpesenter der alle butikkane og tilboda ligg under same tak (15 %).
- Delen som føretrekker at sentrumsområdet er utforma som ein liten by er større blant bergensarane (84%) enn blant dei som bur i andre kommunar (74 %). På den andre sida er det ein større del av dei som bur i andre kommunar som føretrekker kjøpesenter (20 %) enn det er blant bergensarane (11 %).
- Bakgrunnstala syner at dei over 60 år i større grad (21 %) enn dei andre aldersgruppene føretrekker kjøpesenter.
- I tillegg fell delen som føretrekker kjøpesenter med auka utdanningsnivå. Blant dei som har utdanning til og med ungdomsskule er det 30 % som føretrekker kjøpesenter, og blant dei som har høgare utdanning over 4 år er delen 7 %.


Kva er Vestlandet sitt «beste» sentrumsområde?



Kva er Vestlandet sitt «beste» sentrumsområde?

- Respondentane vart i undersøkinga bedne om å nemne eit sentrumsområde på Vestlandet som er slik dei ønskjer å ha det.
- Bergen sentrum (37 %) er det sentrumsområde som vert oppgjeve av flest. Dette gjeld både blant dei som bur i Bergen og blant dei som bur andre kommunar.
- Deretter følgjer :
 - Vossevangen
 - Stavanger
 - Åsane
 - Haugesund
 - Osøyro

Tilfredsheit med sentrumsområde i dag



Tilfredsheit med sentrumsområde i dag

- Hordalendingane er godt over middels nøgde med dei sentrumsområda dei nyttar seg av i dag. Dei er i snitt mest nøgde med tilbodet innan handel (4,5) og minst nøgde med korleis staden ser ut (4,2), men skilnadene er ikkje store på dette området.
- Dei som bur i Bergen er noko meir nøgde med tilbodet innan handel (4,7) enn dei som bur i dei andre kommunane (4,4).
- Dei som bur i Bergen er også meir nøgde med tilbodet innan sosiale møteplassar og kulturtilbod (4,4) enn dei som bur i andre kommunar (3,9).
- Dei som bur i Bergen er også noko meir nøgde med korleis staden ser ut (4,4) enn dei som bur i andre kommunar (3,9).

Kva saknar innbyggjarane i sentrumsområdet?

- Betre utval av butikkar særleg kles-/skobutikkar
- Ulike spesialbutikkar
- Park/grøntanlegg
- Restaurant
- Kafé
- Pub
- Kino

Ungdommane saknar spesielt kafé og kles-/skobutikkar

Oppsummering

- Daglegvarer er den varegruppa hordalendingane meiner det er viktigast å ha tilgjengeleg i sentrumsområdet.
- Lege og legevakt er dei viktigaste tenestene.
- Idrettshall vert vurdert som den viktigaste sosiale møteplass/kulturtilbodet.
- Det er mest vanleg å nytte bil når man skal til sentrumsområdet. Delen som køyrer bil er større i dei andre kommunane i fylket enn i Bergen.
- Når det gjeld transport er det gang- og sykkelveggar inn til sentrumsområdet som vert vurdert som viktigast, om vi ser heile fylket under eitt.
- At det finst bustader i sentrumsområde vert vurdert som viktig. Det er litt meir viktig for dei som bur i Bergen enn for dei som bur i dei andre kommunane.
- Eldrebustader og utleigebustader vert vurdert som om lag like viktig.

Oppsummering

- Interesse for å sjølv bu i sentrumsområdet er noko større i Bergen enn i dei andre kommunane.
- Tilhøve knytt til staden sin utsjånad og funksjon er scorar høgt på viktighet i undersøkinga.
- 8 av 10 hordalendingar føretrekker at sentrumsområde er utforma som ein liten by med gatar og plasser framfor enn som eit kjøpesenter med alle butikkar og tilbod under same tak.
- Bergen sentrum er det sentrumsområdet som hordalendingane vurderar som det beste sentrumsområdet på Vestlandet.
- Hordalendingane er langt på veg nøgde med dei sentrumsområda dei nyttar seg av i dag, men dei som bur i Bergen er i noko større grad nøgde enn dei som bur i andre kommunar.
- Betre butikkutval er det som flest saknar i sitt sentrumsområde.

www.hordaland.no/aud

Kontakt:

aud@hfk.no

twitter.com/hfk_aud